



KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 18.04.2016
Stad: Kommunestyresalen, Masfjorden kommunehus
Kl.: 09.15 – 13.30
Tilstade: Arthur Sjursen (leiar), Wenche Dåe (medlem)
Innkalla: Ordførar Karstein Totland, Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og økonomisjef Kristian Moen
Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik
sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall: Bjarte Kvinge Tvedt (nestleiar)

13/16 **Forvaltningsrevisjon**

Saksvedlegg: Særutskrift frå møtet i kontrollutvalet 23.02.16 sak 05/16 Plan for forvaltningsrevisjon

I følgje kommuneloven § 77 pkt. 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval står i det § 10 at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek.

Kontrollutvalet ønskjer å omprioritere plan for forvaltningsrevisjon frå sak 05/16 Plan for forvaltningsrevisjon.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

1. Kommunen som skuleeigar – ressursbruk, tilbod og skulemiljø
2. Organisering, drift, ressursbruk og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
3. Etikk – korleis arbeidar kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?

Kontrollutvalet ser det som naudsynt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt komme inn med nye prosjekt dersom det er meir aktuelt. Omfanget av og tal på prosjekta vert bestemt ut i frå revisjonen sitt timetal til rådighet for forvaltningsrevisjon, denne er for Masfjorden kommune estimert til ca. 740 timer i løpet av perioden.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:


Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

1. Kommunen som skuleeigar – ressursbruk, tilbod og skulemiljø
2. Organisering, drift, ressursbruk og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg

3. Etikk – korleis arbeidar kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

Masfjorden, 18.04.16


Arthur Sjørusen/leiar


Wenche Daae/medlem


Tonje Husum Aarland/sekretær